



SAKA ER OPPDATERT.

Arne Terje Haugland har sett på gamle bilete. Mellom anna har han sett på desse to bileta frå skuleturar på 1950- og 60-talet. No etterlyser han fleire bilete i samband med dette.

Biletet over er frå ein skuletur som skulen i Uskedalen og på Haugland hadde på 1950-talet. Det skal vera frå ein tur til Stord i 1957 i samband med signingsferda til Kong Olav. Til høgre ser vi lærarane Jon Holte og Sigurd Haugland. Elevane er frå venstre Torfinn Myklebust, Torkjell Stensletten (halvt skjult), Arvid Døssland og ein ukjend.

Arne Terje Haugland fortel at Uskedal Gutemusikk spelte under seremonien på Stord. Bakgrunnen for at Gutemusikken vart spurd, var at det var få slike aktive korps i Sunnhordland. Dei reiste med båtskyss, og Arne Terje er rimeleg sikker på at den heitte Sandvik og var frå Tysnes. No etterlyser han bilete frå dette ærefulle oppdraget til Gutemusikken.

Han ønskjer og bilete frå ein annan skuletur. Biletet nedanfor viser elevane på framhaldsskulen i Uskedalen på klassetur til Haugesund i 1963/64. Lærar Peder Kjærland sit til venstre. Men Arne Terje etterlyser bilete frå ein annan tur. På 1950-talet var han med på ein skuletur til Haugesund. Dei reiste med Elieser 4, og det var samla elevar frå Haugland skule, Uskedalen skule og Omvikdalen skule. No håpar Arne Terje at nokon har bilete frå denne turen.

Dersom nokon har bilete frå dei to aktuelle hendingane, kan dei ta kontakt med Arne Terje direkte, eller med redaksjonen. (thordossland@gmail.com eller 932 88 237)

Harald Sætre eig dei to bileta som vi presenterer her, og dei ligg under Historisk stoff her på sida vår.



På biletet ser vi framme f.v.: Peder Kjærland(lærer), Knut Steinsletten, Torkel Steinsletten og Sigmund Kroka. Bak f.v.; Olga Steinsletten, Olga Marie Eide, Jorund Gjerde, Aud Hindøy, Harald Fredheim, Harald Sætre og Anders Helvik.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Kven er elevane?

Tor Bringedal har sett bileta og kjem med denne kommentaren:

De har truleg namna på framhaldskuleelevane 1963/64 som reiste med Peder Kjærland til Haugesund, men eg kanb ikkje sjå at dei står nokon plass. Dette er jo min årsklasse, men eg valde å studera handel og kontorlære i Rosendal i staden for å gå saman med årsklassen min i Uskedal.

(men vi reiste også på tur til Haugesund)

Jentene på fotoet dreg eg ikkje kjensel på, men gutane frå Herøysund er Sigmund Kroka (sitjande til høgre for Torkel Stensletten) og Anders Helvik ståande til høgre for Harald Sætre. Desse 2 sistnemnde karane ser ut til å ha teke i bruk konfirmasjonshatten på byturen.

Namn på elevane.

Etter god hjelp frå fleire, meiner vi no å ha rett namn på alle, etter at vi mottok ein e-post frå Samson Øyjord. Namna finn de i biletteksten. Elevane kjem frå Herøysundet, Mauranger og Uskedalen. Vi takkar for god respons og god hjelp.

No gjenstår det å sjå om det kan dukka opp bilete frå dei to turane som Arne Terje Haugland etterlyser.